



Langrennstafett i Høydalsmo

Laurdag 3. mars kl. 12.00

Høydalsmo IL skipar til langrennstafett, sjette rennet i Vest Telemark karusellen.

Frammøte er på skistadion ved Høydalsmo skule.

Stilart: Alle etapper er fristil.

Distansar: 1 km (6-9 år), 1,5 km (10 – 12 år) og 2 km for resten.

Klasser: 6 – 9 år (3x 1km), 10 – 12 år (3x1,5 km), 13 – 16 år (3x2 km), og 17 år ++ (3x2km).

I 17 år ++ klassa kan du og stille med 13 – 16 åringar.

Alle klassene er opne. Det vil seie at ein kan blande saman gutar og jenter. Dersom det er klubbar som har med fleire lag i ei klasse er oppmodinga at ein ikkje "toppar" noko lag.

Dersom du ikkje har nok løparar i eigen klubb til å stille eit lag ordnar arrangøren lag til deg likevel. Det vil bli mixlag med ein annan klubb. Alle skal få gå.

Vonar alle klubbane har høve til å stille minst eit lag i klassa 17 år ++. Det er fint for dei yngre å sjå at eldre og kan vera med.

Startkontigent pr lag: 6-9 år kr 60,-. 10 år og eldre kr. 90,-. Rekning vert sendt klubben din i etterkant.

Påmelding: Lagvis frå klubben til: asbjorn.byggland@tokke.kommune.no

Påmeldingsfrist: Torsdag 1. mars eller seinast ein time før start. Oppmodar flest mogleg å melde seg på innan torsdag sidan dette har blitt eit stort renn.

Premiering: Full premiering f.o.m 6 år t.o.m 12 år.

Høydalsmo IL stiller smørar til disposisjon.

Fint om klubbane forklarar løparane korleis ein stafett fungerer på førehand.

Resultatlistar vert sendt ut på mail i etterkant.

Enkelt matsal i klubbhuset.

Høydalsmo IL ynskjer alle velkomne til skirenn.